



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3923 - 19/31238

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.10.2019

Igangsettingsløyve for grunn og terrengarbeid VA og OV trase felt B9 - gbnr 188/776 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 593/19

Tiltakshavar: Orion Prosjekt AS
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av grunn og terrengarbeid inkludert grøfter og trase for VA og OV, VA-anlegg for felt B9 innan reguleringsplan Langheiane felt B8 og B9/planid.: 1263-201602.

Kommunen har i vedtak av 20.03.19 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.10.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.10.19 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

I dialog mellom kommunen og ansvarleg søkjar har det tidlegare vore skissert at ein ønskjer ei 2-trinnsutbygging av området. Det er starta arbeid med å justere reguleringsplanen for å sikre utbygging i to trinn.

Det er vesentleg for kommunen at ein sikrer byggegrop for bygg A og B og at ein sikrar bortleiing av overflatevatn og unngår oppsamling av store vassmengder i byggegropa.

Det er i dialog med ansvarleg søkjar gjort greie for at store delar av fordrøyningsmagasinet i felt B9 ligg under bygg A og B.



Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse.

Massehandtering

Det er i gjeldande reguleringsplan for området for Langheiane B8 og B9/planid.a. 1263-201602, § 2.4 jf. § 2.4.1 sett krav til plan for massehandtering. Det er i søknad om igangsetting opplyst estimert mengde sprengstein i område B9 på om lag 29.895 m³, der om lag 15.059m³ skal nyttast innanfor felt B9 og om lag 14.836 m³ skal borttransporterast til godkjent deponi, om lag 7.476 m³ løsmasser (jord/vegetasjon) vert frakta ut av området og vert levert til godkjent deponi.

Det er i søknad gjort greie for at arbeid knytt til boring, sprengning og borttransportering skal foregå i tidsrommet frå kl. 07.00 til kl. 16.00, det vidare orientert om at det kan verte overtidsarbeid og arbeid på lørdagar, men at spesielt støyande arbeid avgrensast til seinast kl. 19.00.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a , jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av del av tiltaket innan reguleringsplan Langheinane felt B9 og B9/planid.: 1263-201602. Løyvet gjeld innan felt B9 og omhandlar grunn- og terrengarbeid inkl. grøfter for VA og OV. VA-anlegg, vann- og avløpsleidningar. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 20.03.19 med vilkår gjeld for tiltaket.

Ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve skal følgjande ligge føre:

1. Kvitteingsliste for leverte mengder sprengstein og lausmasser frå det godkjente deponi som er nytta for handtering av overskytande massar.
2. Rekkefølgjekrav i føresegna § § 3.1.1, 3.2.1, 3.2.3 og 3.2.4 nokre av desse er handsama i eigen sak jf. vedtak datert 11.01.19 i sak 18/3858, administrativt vedtak saknr. 033/19.
3. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg.
4. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/3923

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
--	------------	------	----------